

Fjaler kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 16.09.2014
Møtestad: Fjaler kommunehus, møterom 344
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen er kalla inn i sak 24/14.

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
022/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/14	Skriv og meldingar
024/14	Informasjon om pågåande prosjekt og bruk av personell i samband med dette
025/14	Budsjett for kontrollutvalet i Fjaler 2015
026/14	Oppfølgingsliste 3-2014
027/14	Eventuelt

Med helsing

Magne Norddal
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 16.09.2014	Saksnr 022/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/202
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 16.09.2014	Saksnr 023/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/103
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.07.2014	Fylkesmannen sin tilsynsrapport med skulane sitt ordensreglement, datert 16.12.2013	141
15.07.2014	Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane i Fjaler, datert 7.11.2012	142
15.07.2014	Arbeidstilsynet tilsyn Helsestasjonen 27.5. 2014	143
15.07.2014	Arbeidstilsynet tilsyn - Miljøarbeidarteneste Øyra PU 27.5.2014	144
15.07.2014	KOM-041/14 Årsrekneskapen 2013 - Fjaler kommune, handsama 16.6.2014	145
15.07.2014	KOM-042/14, 1. Tertialrapport 2014, handsama 16.6.2014	146
15.07.2014	Vedlegg, tertialrapport 1 - 2014	147
15.07.2014	KOM-045/14 Våge skule, Rekneskapsavslutning - Nytt ventilasjonsanlegg, handsama 16.6.2014	148
15.07.2014	KOM-046/14 Øyra buområde - Rekneskapsgodkjenning - Ny bueining, handsama 16.6.2014	149
15.07.2014	KOM-047/14 Fjalerhuset, Rekneskapsavsluttning - Ny takteking, handsama 16.6.2014	150
15.07.2014	KOM-048/14 Kommunal veg Stav-Myklebust, Rekneskapsavslutning - Ny bru Skarselva, handsama 16.6.2014	151
15.07.2014	KOM-049/14 Dingemoen skule, Rekneskapsgodkjenning - Ombygging bassengareal, handsama 16.6.2014	152
15.07.2014	KOM-050/14 Dingemoen skule, Rekneskapsavsluttning - Nytt ventilasjonsanlegg, handsama 16.6.2014	153
15.07.2014	KOM-056/14 Rekneskap 2013 - Dingemoen idrettspark, handsama 16.6.2014	154

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

...



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

Tilsyn haust 2013
Skulane sitt ordensreglement – opplæringslova § 2-9
Fjaler kommune

Vår referanse: 2013/3412
Dato: 16.12.2013

Kontaktperson i kommunen:
Rådgjevar Marit Hammer

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Rådgjevar Lill Mona Solberg, tilsynsleiar
Rådgjevar Anne Marte Sæle

Innhald

Framsida.....	1
1. Tema for tilsynet: Skulen sitt ordensreglement.....	3
1.1 Hovudtema og undertema.....	3
1.2 Føremålet med tilsynet	3
1.3 Bakgrunn og val av tema	3
2. Gjennomføring av tilsynet.....	3
2.1 Rettsleg grunnlag for tilsynet	3
2.2. Om metode og omfang.....	3
2.3 Tidsplan.....	4
3. Rettslege krav.....	4
3.1 Kommunen sitt arbeid med ordensreglementet.....	4
3.2 Skulane sitt arbeid med ordensreglementet.....	6
4. Ikkje pålegg om retting.....	9
5. Klage.....	10

1. Tema for tilsynet: Skulene sitt ordensreglement

1.1 Hovudtema og undertema

Hovudtema for tilsynet er skulane sitt ordensreglement, jf. opplæringslova (oppl.) § 2-9. Vi har sett på om skulane har ordensreglement, korleis reglementet er vedteke, følgt opp og teke i bruk. Kommunen har eit overordna ansvar for å sjå til at lover og forskrifter blir følgt opp og å ha eit forsvarleg internkontrollsystem som sikrar dette, jf. oppl. § 13-10. Tilsynet har og sett på kva retningslinjer kommunen har for skulene sitt arbeid med ordensreglementet og kommunen si oppfølging av skulane på området.

1.2 Føremålet med tilsynet

Føremålet med Fylkesmannen sine tilsyn med grunnsopplæringa er kontroll av om kommunane oppfyller plikter pålagt i lov og forskrift, eller andre bindande dokument. Vi skal undersøke praksis og eventuelt pålegge endring av lovstridig praksis. Dette gjer vi for å medverke til at barn og unge får eit forsvarleg opplæringstilbod.

Vi arbeider for å sikre rettane til opplæring i samsvar med opplæringslova sine krav og i dette tilsynet har det vore eit særleg fokus på

- Om skulane har ordensreglement
- Korleis forskrifta om ordensreglement er utarbeidd, handsama og vedteke
- Innhaldet i ordensreglementet
- Korleis ordensreglementet blir gjort kjend
- Korleis ordensreglementet blir følgt opp og teke i bruk når det skal fattast enkeltvedtak

Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområdet er lovlegkontroll.

1.3 Bakgrunn og val av tema

Fylkesmannen har dei siste åra ført tilsyn med skulane sitt arbeid med det psykososiale miljøet. Tilsynet har m.a. vist oss at det er grunn til å sjå på korleis regelverket om skulane sitt ordensreglement blir etterlevd. Fylkesmannen valde difor å ha ordensreglement som eige tema på den årlege regelverksamlinga for kommunane hausten 2012 og kombinere informasjonen med eit etterfølgjande tilsyn på området hausten 2013.

2. Gjennomføring av tilsynet

2.1 Rettsleg grunnlag for tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10A, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn. Fylkesmannen skal ha tilgang til verksemder og dokumentasjon, jf. kommunelova § 60.

2.2. Om metode og omfang

Tilsyn er bruk av offentleg mynde og er lovregulert. Det er krav til korleis tilsynet skal gjennomførast. Krava skal mellom anna ivareta rettstryggleiken til kommunane og sikre at forvaltninga set i verk dei vedtak og prioriteringar som er vedtekne i lov og forskrift.

Fylkesmannen har eigen instruks for gjennomføring av tilsyn. Instruksen er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

Dette tilsynet har vore utført ved å hente inn skriftleg dokumentasjon og vurderingar frå kommunen sentralt og dei fem skulane i kommunen. Relevant regelverk for tilsynet er sendt ut i samband med varselbrevet og det er gjeve tilbod om sluttmøte med ansvarlege i kommunen og rektorane.

Fylkesmannen har bedt kommunen om å hente inn opplysningar og ei vurdering frå kvar av skulane. Vidare har vi bedt kommunen om ei eigenvurdering. Dokumentasjonen frå skulane og kommunen er sendt inn til Fylkesmannen for endeleg vurdering.

Fylkesmannen har ikkje i særleg grad vurdert kravet i opplæringslova § 13- 10 andre ledd som m.a. seier at kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslov og forskrifter blir oppfylte, og at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane.

2.3 Tidsplan

- ✓ 21.08.2013: Varsel om tilsyn vart sendt til kommunen
- ✓ 27.09.2013: Frist for kommunen til å sende inn dokumentasjon til Fylkesmannen
- ✓ 25.11.2013: Førebels rapport vart sendt til kommunen
- ✓ 16.12.2013: Frist for innsending av merknadar på førebels rapport
- ✓ Veke 51: : Endeleg rapport vert sendt til kommunen

Kommunen fekk tilbod om eit sluttmøte med gjennomgang av rapporten i veke 50. Dette var ikkje eit behov frå kommunen si side. Fylkesmannen mottok ny skriftleg dokumentasjon og kommentarar til førebels tilsynsrapport 12.12.2013. Dokumentasjonen er vurdert under punkt 3.2.

Tilsynsrapporten vil ikkje gje ei fullstendig vurdering av kommunen som skuleeigar og skulane sitt arbeid med ordensreglementet. Rapporten omhandlar berre resultat frå tilsynet som er gjennomført og omtalar situasjonen på tilsynstidspunktet.

3. Rettslege krav

3.1 Kommunen sitt arbeid med ordensreglementet

Ordensreglementet

Krav til ordensreglementet er regulert i opplæringslova § 2-9:

§ 2-9. Ordensreglement og liknande

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gje reglar om rettane og pliktene til elevane der dei elles ikkje er fastsett i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om oppførsel, reglar om kva tiltak som skal nyttast mot elevar som bryt reglementet (sanksjonar, refsing), og reglar om framgangsmåte når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar m.v.).

Opplæringslova § 2-9 er ikkje detaljert på kva åtferd som skal regulerast, men det skal klargjerast kva som er ønskt åtferd og kva som er uønskt åtferd. Forskrift til opplæringslova § 3-5 omtalar grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Kva åtferd som er uønskt bør sjåast i samanheng med mellom anna opplæringslova § 9a-3 om krenkjande ord og handlingar.

Skulen kan ikkje nytte andre refsingstiltak enn dei som går fram av ordensreglementet. Det går ikkje fram av lova kva sanksjonar som kan nyttast bortsett frå bortvisning, jf. § 2-10. Forarbeida til lover (NOU 1995:18 s 228) nemner tiltak som «muntlig eller skriftlig påtale frå lærer eller rektor, gjensitting og parade». I § 2-9 slår ein fast at fysisk refsing eller anna

krenkjande åtferd ikkje skal nyttast. Her gjev lova eit grunnlag for etiske og skjønnsmessige vurderingar av straffemetodar, som til dømes at uthenging og latterleggjering av elevar vil vere ulovleg.

Sjå også Utdanningsdirektoratet si internettside for deira tolking av regelverket kring spørsmål om utestenging frå skuleturar, attsitting, hovud- og ansiktsplagg og mobilbruk.

Reaksjonar som er grunngjeve ut i frå generelle undervisnings- og ordenstilhøve treng ikkje å vere omtala i ordensreglementet. Døme på slike reaksjonar kan vere at elevane må bytte plass i klasserommet eller at elevar må leggje mobiltelefonen sin i skulesekken.

Før det vert teke avgjerd om refsing, mellom anna om bortvising, skal eleven ha fått forklart seg munnleg for den som skal ta avgjerda, jf. opplæringslova § 2-9 siste ledd. Retten til å uttale seg gjeld alle typar refsingstiltak og eleven har rett til å snakke direkte til den som skal ta avgjerda.

Kommunen har plikt til å syte for at det blir fastsett eit ordensreglement på kvar skule. Det er ikkje naudsynt at kommunen sjølv vedtek eit ordensreglementet. Mynde til å fastsetje ordensreglementet kan delegerast på vanleg måte, til dømes til administrasjonen eller rektor. Kommunen kan og delegere mynde til samarbeidsutvalet. For at kommunen skal velje å gjennomføre ein slik delegasjon til t.d. samarbeidsutvalet, må delegasjonen vere trygg og forsvarleg. For å sikre ein forsvarleg delegasjon må eit organ som får ei slik oppgåve

- Vekkje tillit hos andre som vert ramma av delegasjonen
- Vere villig til å ta på seg oppgåva
- Vere medveten kommunen si mynde til å gje instruksjon
- Få tilstrekkeleg opplæring og kompetanse til å fastsetje eit ordensreglement

Ein må og vere merksam på at rektor, som er ein obligatorisk deltakar i samarbeidsutvalet, ikkje er involvert i sakshandsaminga, slik at han vil vere ugild, jf. kommunelova § 40. Mange samarbeidsutval vil etter dette vere best eigna som rådgjevande organ, og ikkje som styringsorgan. Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at nokre kommunar finn ein slik delegasjon formålstenleg, særleg der samarbeidsutvalet er eit driftsstyre.

Kommunen kan altså velje å vedta ei sentral forskrift om ordensreglementet som er felles for alle skolane. Kommunen kan eventuelt lage nokre felles reglar i den sentrale forskrifta og at den enkelte skule lagar utfyllande forskrifter for sin skule.

Dei målgruppene som ordensreglementet er retta mot skal ha høve til å uttale seg før reglementet vert vedteke, endra eller oppheva. Dette går fram av forvaltningslova § 37. I praksis kan dette gjerast ved at framlegg til ordensreglement vert sendt ut til dømes til samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet, foreldrerådet og dei tilsette på skulen.

Ordensreglementet gjeld i skuletida og på skulen sitt område rett før og etter skuletid. Det gjeld og på skulebussen og på skulevegen. Det gjeld vidare på turar og arrangement i skulen sin regi og for aktivitetar på nettbaserte læringsplattformer som skulen nyttar.

Ordensreglementet gjeld ikkje i fritida og i skulefritidsordninga, jf. opplæringslova § 2-9.

Andre relaterte lovkrav

Opplæringslova

Opplæringslova § 1-1 slår fast kva som er føremålet med opplæringa i eit system- og individperspektiv. Føremålsparagrafen legg føringar på utforminga av skolane sitt ordensreglement.

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1. Ordensreglementet bør innehalde reglar som tek sikte på å fremje samarbeid, engasjement, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet. Det vil seie reglar om kva samværsformer som er ønskjeleg på skulen. Opplæringslova § 9a-3 skisserer reaksjonsformer ved tilfelle av «krenkjande ord eller handlingar, som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme». Ordensreglementet må difor vere tydeleg på at dette er uønskt oppførsel av elevane.

Bortvising frå undervisinga for enkelttimar eller dagar er regulert i opplæringslova § 2-10. Tiltaket kan berre nyttast når det er fastsett i ordensreglementet. Brotet på reglementet må vere alvorleg eller gjentakande før eleven kan visast bort frå undervisinga. Det er eit vilkår for bortvising at skulen har vurdert å nytte andre tiltak eller reaksjonar overfor eleven. Elevar på 1.-7. årssteg kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen. Elevar på 8.-10. årstrinn kan visast bort inntil tre dagar. Det er rektor som skal ta avgjerda om bortvising, dette myndet kan ikkje delegerast. Lærarar kan få mynde til å vise bort elevar frå eiga undervising for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

Grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel er knytt til i kva grad elevane opptrer i samsvar med ordensreglementet til skulen, jf. forskrift til opplæringslova kapittel 3, sjå særleg §§ 3-1, 3-2 og 3-5. *Det fører til at det er viktig at skulen har eit klart ordensreglement som er kjent for elevane.* Slik blir elevane m.a. i stand til å rette seg etter ordensreglementet.

Forvaltningslova – om krav til forskrifter (kap. VII) og krav til enkeltvedtak (kap. III-VI)

Ei forskrift er eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til eit ubestemd tal eller ein ubestemd krets av personar, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav c.

Ved utarbeiding av ei forskrift skal aktuelle interessegrupper få høve til å uttale seg før forskrifta blir laga ferdig, endra eller oppheva, jf. forvaltningslova § 37 andre ledd. Ein uttale skal som hovudregel vere skriftleg, jf. forvaltningslova § 37 siste ledd.

Det skal gå tydeleg fram av forskrifta kva som er heimelen til forvaltningsorganet, i arbeidet med forskrifta. Vidare skal forskrifta nemne det forvaltningsorganet som har gjeve forskrifta, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav a og b. Ordensreglementet må og omtalast som forskrift jf. bokstav d.

Forskrift om ordensreglement skal gjerast kjend for elevane og foreldra, jf. opplæringslova § 2-9 andre ledd. Dette kan gjerast ved til dømes utdeling og gjennomgang for alle elevane og brev heim til foreldra.

Forskrifta (ordensreglementet) kan ikkje nyttast overfor den enkelte elev før den er gjort kjent for den forskrifta gjeld (eleven), jf. forvaltningslova § 39.

Eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire gitte personar, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b.

Forvaltningslova § 24 krev at eit enkeltvedtak skal grunngjevast og at det skal gå fram av grunngjevinga kva reglar og faktiske tilhøve som ligg til grunn for vedtaket, jf. forvaltningslova § 25. Det bør klargjerast i vedtaket kva som er teke omsyn til ved bruk av forvaltningsmessig skjønn, jf. forvaltningslova § 25 tredje ledd.

Partane skal varslast om vedtaket snarast råd, jf. forvaltningslova § 27 første ledd. I samband med varslet skal partane ha opplysningar om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og nærare framgangsmåte ved klage. Partane skal og ha opplysning om retten til å sjå dokument i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller ein annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningslova § 28 første ledd. Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet varslet om vedtak er gjort kjent for vedkommande part, jf. forvaltningslova § 29 første ledd. Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak etter opplæringslova.

3.2 Skulane sitt arbeid med ordensreglementet

I tilsynet har vi kontrollert lovkrav knytt til oppretting av forskrift, innhald i ordensreglementet, korleis reglementet vert gjort kjend for elevar og foreldre og skulen sin praksis.

Spørsmål som vi ønskte å få avklart:

1. Har kommunen laga felles forskrifter for ordensreglement for skulane i kommunen?
2. Har skulane lokale ordensreglement?
3. Er forvaltningslova sine krav til forskrifter følgt?
4. Inneheld ordensreglementet reglar for ønskt og uønskt åtferd?
5. Inneheld ordensreglementet tiltak ved brot?

6. Inneheld ordensreglementet reglar om framgangsmåte ved brot?
7. Korleis er ordensreglementet gjort kjend?
8. Har elevane fått uttale seg munnleg før det er teke avgjerd om refsing?
9. Er reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova og opplæringslova følgt?

I Fjaler kommune er det fem grunnskular: Dingemoen skule, Fjaler ungdomsskule, Flekke skule, Guddal skule og Våge skule. Vi vil i det vidare vurdere dokumentasjonen frå kommunen og skulane opp mot spørsmåla vi har sett opp ovanfor.

1. Har kommunen laga felles forskrifter for ordensreglement for skulane i kommunen?

- Fjaler kommune har laga felles trivsels- og ordensreglement for grunnskulane i kommunen. Reglementet vart vedteke av kommunestyret 21.03.2011 og gjort gjeldande frå skuleåret 2011-2012.

2. Har skulane lokale ordensreglement?

- Det går fram av delegasjonsreglementet til kommunen at rådmannen har delegert mynde til å fastsetje ordensreglement for den einskulde skule ved rektor, jf. § 2-9 i opplæringslova.
- I trivsels- og ordensreglementet for skulane i kommunen står det at samarbeidsutvala ved den einskilde skule kan presisere reglane og kommentere desse nærare. Denne formuleringa kan vere eigna til å gjere det uklårt kven som har ansvar for å gje forskrift om ordensreglement ved skulane. To av skulane rapporterer at det er rektor som har fått delegert ansvar for ordensreglementet, to av skulane rapporterer at ansvaret er delegert til samarbeidsutvalet og ein skule avstår frå å svare.
- **Dingemoen skule nyttar fellesreglane Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane** og lagar årleg eigne presiseringar, jf. prosedyre for handsaming av trivsels- og ordensreglane og dokumentet «Vi tek vare på kvarandre og på skulen vår. Presisering av reglar».
- **Guddal skule nyttar fellesreglane Trivsels- og ordensreglementet for Fjalerskulane** og har laga lokale presiseringar for kva som skjer når trivselsreglane vert brotne. Tillegget var eit framlegg frå rektor som vart handsama og vedteke i samarbeidsutvalet 15.05.2013.
- **Fjaler ungdomsskule nyttar fellesreglane Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane**, i tillegg har skulen laga ei presisering av kva som fører til skriftleg merknad.
- **Flekke skule nyttar fellesreglane Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane.** Skulen har og lagt ved døme på klassereglar for 5.-7. klasse, vedteke i klasseråd 29.08.2013.
- **Våge skule nyttar fellesreglane Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane.** I tillegg har kvar klasse utarbeidd sine klassereglar.

Tre av skulane har laga eigne presiseringar av reglane i ordensreglementet. Fylkesmannen legg til grunn at dette er lokale presiseringar av dei kommunale fellesreglane, ikkje eigne lokale forskrifter. Dersom desse presiseringane er å rekne som lokale ordensreglement, må dei følgje reglane for forskrift i forvaltningslova, slik det kommunale ordensreglementet må.

I førebels tilsynsrapport datert 25.11.2013 gjekk det fram at klassane ved Dingemoen skule har laga eigne klassereglar. 6. klasse hadde reglar med ein særskilt sanksjon for denne klassen: «Elevar som bryt regelen må vere ute i tre friminutt». Skulane kan ikkje nytte sanksjonar som ikkje går fram av ordensreglementet og det vart varsla pålegg om retting til kommunen med heimel i § 16 i forvaltningslova og § 2-9 i opplæringslova. Kommunen har i si tilbakemelding til Fylkesmannen datert 12.12.2013 dokumentert at klassereglane for 6. klasse er endra i tråd med lovkravet.

3. Er forvaltningslova sine krav til forskrifter følgt?

Forvaltningslova seier at ved utarbeiding av ei forskrift skal aktuelle interessegrupper få høve til å uttale seg før forskrifta blir laga ferdig, endra eller oppheva. Uttalen skal som hovudregel vere skriftleg. Det skal gå tydeleg fram av forskrifta kva som er heimelen til forvaltningsorganet, i arbeidet med forskrifta. Vidare skal forskrifta nemne det forvaltningsorganet som har gjeve forskrifta og ordensreglementet må omtalast som forskrift.

- Ved utarbeiding av fellesreglane Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane var reglementet oppe til uttale i samarbeidsutvala hos alle grunnskulane i kommune, jf. kommunestyrevedtak sak 029/11, dater 21.03.2011.

I førebels tilsynsrapport gjekk det fram at ordensreglementet for skulane i kommunen mangla tittelen forskrift, opplysningar om kva forvaltningsorgan som har gjeve forskrifta og kva heimel som låg til grunn. Det vart varsla pålegg om retting til kommunen, jf. § 2-9 i opplæringslova og § 38 i forvaltningslova. Kommunen har i si tilbakemelding til Fylkesmannen datert 12.12.2013 dokumentert at ordensreglementet for grunnskulane i kommunen er endra i tråd med lovkrava.

4. Inneheld ordensreglementet reglar for ønskt og uønskt åtferd?

- Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane inneheld reglar for ønskt åtferd t.d. «Alle har rett til å bli handsama på ein real måte, difor skal vi vise respekt og omtanke for kvarandre, vere hjelpsame, venlege og høflege mot kvarander i ord og handling». Reglementet har og reglar for uønskt åtferd som t.d. «Det er ikkje lov å plage andre, dette gjeld også på vegen til/frå skulen».
- Tre av skulane har laga lokale presiseringar til ordensreglementet.

5. Inneheld ordensreglementet tiltak ved brot?

- Det går fram av det kommunale reglementet at skulane kan nytte tolv ulike sanksjonsformer ved brot på ordensreglementet.

I førebels tilsynsrapport gjekk det fram at eitt av tiltaka skisserte reaksjonar i saker om mobbing: «I mobbesaker blir det reagert som beskrive i Handlingsplan mot mobbing.» I handlingsplanen sto det at ein aktuell sanksjon var at mobbaren ikkje fekk delta på klasseturar/fellesarrangement/tap av gode. Fylkesmannen gjorde merksam på at Utdanningsdirektoratet legg til grunn at bortvising innanfor rāmene av § 2-10 i opplæringslova er den mest alvorlege sanksjonen skulen har. Utestenging frå skuletur kan framstå som ein strengare sanksjon enn bortvising etter § 2-10 og at Utdanningsdirektoratet har konkludert med at utestenging frå skuletur ikkje er ei lovleg sanksjonsform i ordensreglementet i grunnskulen. Det vart varsla pålegg om retting til kommunen, jf. § 2-9 i opplæringslova. Kommunen har i si tilbakemelding til Fylkesmannen datert 12.12.2013 dokumentert at sanksjonen om utestenging frå klasseturar og/eller fellesarrangement er fjerna frå handlingsplanen mot mobbing.

6. Inneheld ordensreglementet reglar om framgangsmåte ved brot?

- Det kommunale reglementet har eit eige punkt som heiter «Framgangsmåte ved vedtak om tiltak og sanksjonar». Det går her fram at elevane har rett til å uttale seg til den som tek avgjerd før det vert sett i verk sanksjonar eller gjort vedtak som nemnt under punktet om tiltak ved brot på reglane. Det vert vidare gjort klart at det skal fattast enkeltvedtak ved alvorlege lovbrott og at eleven sine føresette har rett til å uttale seg før enkeltvedtaket vert fatta. Det vert opplyst om klageadgang og at kollektiv straffing ikkje er tillate.

7. Korleis er ordensreglementet gjort kjend?

Forskrifta (ordensreglementet) skal gjerast kjent for den enkelte før den kan nyttast overfor eleven.

- Trivsels- og ordensreglement for Fjalerskulane skal sigerast av elev, føresett og kontaktlærer kvart år. Ordensreglane gjeld så lenge dei er underteikna av eleven, eller erstatta av ein ny avtale.
- Ordensreglementet er tema på første møte mellom kommunen og rektorane kvar haust. Då vert rutineane kring underskrift frå elevar og foreldre gjennomgått, sist i møte 29.08.2013.
- Alle skulane gjer ordensreglane til skulen kjent for elevane og foreldra. Dette kan skje gjennom foreldremøte, internettsida til skulen, brev heim til foreldre, lest opp for elevane eller ved at det er oppslått i klasseromma. Fire av skulane rapporterer eksplisitt om at dei får underskrifter slik den kommunale rutinen legg opp til. Fjaler ungdomsskule har ordensreglementet som tema på første foreldremøte i 8. klasse og har lagt ut reglementet på skulen si nettside. Det er ikkje oppgitt kva rutinar skulen har i samband med signering av reglementet.

8. Har elevane fått uttale seg munnleg før det er teke avgjerd om refsing?

- I ordensreglementet til kommunen står det at eleven alltid har rett til å uttale seg til den som tek avgjerd før det vert sett i verk sanksjonar eller gjort vedtak.
- Alle skulane i kommunen nyttar rutineane i ordensreglementet og stadfestar at dei gjev elevar høve til å uttale seg før sanksjonar vert sett i verk.

9. Er reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova og opplæringslova følgt?

Det er lagt ved eit anonymisert enkeltvedtak om bortvising frå Fjaler ungdomsskule.

I førebels tilsynsrapport gjekk det fram at enkeltvedtaket var noko mangelfullt ut i frå lovkrava i opplæringslova § 2-9 og kapittel III og VI i forvaltningslova. Kommunen har i tilbakemeldinga til Fylkesmannen datert 12.12.2013 dokumentert at det er laga ein felles mal for vedtak om bortvising for grunnskulane i kommunen. Malen er korrigert for dei manglane som vart påpeika i førebels tilsynsrapport.

Konklusjon

Fylkesmannen finn det godgjort at Fjaler kommunen tek i vare dei rettslege krava som gjeld arbeidet med skulane sitt ordensreglement.

4. Ikkje pålegg om retting

På bakgrunn av det som går fram av punkt 3.2 finn Fylkesmannen ikkje grunnlag for å gje pålegg om endringar til Fjaler kommune.

5. Klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er komen fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Lill Mona Solberg
(revisjonsleiar)

Anne Marte Sæle
(revisor)

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon

Vedlegg 1
Oversyn over innsend dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Fjaler kommune	Datert
1	Oversendingsbrev	24.09.2013
2	K-sak 029/11 – handsaming av handlingsplan mot mobbing, trivselsreglar og IKT-reglement	21.03.2011
3	Trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane	
4	Handlingsplan mot mobbing – vedteken	
5	Fjaler kommune. Prosedyre for § 9a-3 Det psykososiale miljøet, gjeldande frå 01.11.2011	10.11.2010
6	Fjaler kommune. Skjema A for dokumentasjon av melding av hending i høve § 9a-3	
7	Fjaler kommune. Skjema B Dokumentasjon av handsaming etter melding om hending i høve § 9a	
8	Fjaler kommune. Samtaleskjema	
9	Opplysningar frå Fjaler kommune – svar på spørsmål	
10	Fjaler kommune. Reglement for delegering av avgjerdsrett. Gjeldande frå 01.01.2013	17.12.2012
11	Oppfølging av tilsynsresultata i førebels rapport om skulane sitt ordensreglement	12.12.2013
	Oversyn over dokumentasjon frå Dingemoen skule	
1	Svar på spørjeskjema frå Fylkesmannen	
2	Prosedyre for handsaming av trivsels- og ordensreglane, Dingemoen skule	01.08.2012
3	Til foreldra. Info nr. 1 2013-2014	23.08.2012
4	Vi tek vare på kvarandre og skulen vår. Presisering av reglar	
5	Klassereglar for 2. klasse	
6	Arbeid med klassereglar i 3. klasse august 2013	
7	Klassereglar 3. klasse 2013-2014	
8	Innereglar, 6. klasse	
9	Reglar for inneordninga, 7. årsteg	
10	Innkalling til møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 30.09.2013	17.09.2013
11	Innkalling til møte i arbeidsutvalet 26.09.2013	17.09.2013
	Oversyn over dokumentasjon frå Guddal skule	
1	Svar på spørjeskjema frå Fylkesmannen	
2	Innkalling til fellesmøte 02.05.2013	
3	Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Guddal skule og barnehage, 15.05.2013	
	Oversyn over dokumentasjon frå Fjaler ungdomsskule	
1	Svar på spørjeskjema frå Fylkesmannen	
2	Trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane	
3	Referat frå møte i samarbeidsutvalet 15. februar 2011	16.02.2011
4	Informasjonshfte til foreldre skuleåret 2013-2014	
5	Vedtak om bortvising frå skulen – anonymisert	07.03.2013
6	Varsel om nedsett karakter i orden/åtferd	07.03.2013
7	Skjema – melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak	
	Oversyn over dokumentasjon frå Flekke skule	
1	Svar på spørjeskjema frå Fylkesmannen	
2	Reglement for delegering, gjeldande frå 01.01.2013	17.12.2012
3	Vedtak frå samarbeidsutvalet ved Flekke skule og barnehage	10.03.2011
4	Trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane	
5	Innkalling til klassekontaktmøte 19.02.2010	12.01.2010
6	Handlingsplan mot mobbing	
7	Klassereglar for 5.-7. klasse, skuleåret 2013-2014	29.08.2013
8	...TIMEN ... Slik har vi det i 5.-7. klasse	
	Oversyn over dokumentasjon frå Våge skule	
1	Svar på spørjeskjema frå Fylkesmannen	
2	Informasjonsskriv til foreldre – om reglar for underskrift på ordensreglement, bruk av IKT-utstyr og bruk av bilete teke av elevar	Sep. 2013
3	Rutinar for føring av fråvere og merknader	08.01.2012



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki
Telefon:
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato
07.11.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/2982 - 611
Dykkar referanse

Fjaler kommune
Postboks 54
6961 Dale i Sunnfjord

Tilsyn med Fjaler kommune - rapport

Vedlagt følger tilsynsrapport etter tilsyn 17.10.12

Med helsing

Åslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Tilsynsrapport

TILSYN med Fjaler kommune –rapport

Fjaler kommune
Postboks 54
6961 Dale i Sunnfjord

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar
Berit Rygg – revisor

Kontaktperson i kommunen:
Sissel Losnegård Hansen

Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

Tilsynet omhandla følgjande emne:

- Kommunen som godkjenningssmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av barnehagens totale bemanning jf. barnehagelova § 18

Fylkesmannen avdekka ingen avvik under tilsynet og har ingen merknader.

Dato, 10.12.12

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Berit Rygg, revisor

Innhald:

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Gjennomføring
5. Deltakarar ved fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Fjaler kommune 17.10.12. Tilsynet er ein del av fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet, og eventuelle merknader **som vart gjevne. Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Fjaler kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- AVVIK er mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- MERKNAD er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbetringspotensiale.

2. Tema for tilsynet

- Kommunen som godkjenningssmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av barnehagens totale bemanning jf. barnehagelova § 18

Tilsynet skal kontrollere at kommunen fører tilsyn med alle barnehagane i kommunen, og kommunen sin godkjenningspraksis. Tilsynet blir utført som systemrevisjon.

3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- verksemdsplan og årsplan for barnehage
- vedtekter for barnehage
- godkjenningsdokument for alle barnehagane i kommunen
- kommunen sin plan for tilsyn
- oversikt over gjennomførte tilsyn og tilsynsrapportar frå 2010 til dd
- dokumentasjon frå barnehagane som er med i tilsynet som viser oversikt over bemanning og barnegrupper slik dei er i dag
- dokumentasjon som viser kommunen si handtering av regelverk knytt til norm for pedagogisk bemanning
- kopi av søknad og kommunen si handsaming av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar/pedagogisk leiar (dei tre siste)

4. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsendt 28.06.12.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 14.09.12.

Opningsmøte vart gjennomført 17.10.12.

Det vart utført intervju med fem personar 17.10.12.

Sluttmøte vart gjennomført 10.12.12.

5. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Øpningsmøte	Intervju	Oppsummering	Sluttmøte
Olav Hovland	Rådmann	✕			
Marit Hammer	Rådgjevar skule – og barnehage	✕	✕	✕	✕
Sissel Losnegård Hansen	Konsulent	✕	✕	✕	✕
Vigdis Øen Åsnes	Styrar Hellevik barnehage	✕	✕	✕	
Bjarne Huseklepp	Styrar Guddal barnehage	✕	✕	✕	
Annnny Mari Solheim	Styrar Elvetun barnehage	✕	✕	✕	

Frå fylkesmannen deltok Berit Rygg og Bodhild Therese Cirotzki



Arbeidstilsynet

02.06.2014
DERES DATO

2014/70220
DERES REFERANSE

VÅR SAKSBEHANDLER
Hilde Nes Bruland, tlf. 90951083

FJALER KOMMUNE
Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

FJALER KOMMUNE		
ARKIVSAK-ID 14/586	DOK.NR. 2	JOURNALPOST-ID
05 JUN 2014		
ARKIVKODE 440	TE RAD	GRAD.
SAKSH. MAL	FVL	SÆRL.
KOM TIL		

Tilsyn - HELSESTASJONEN

Vi viser til tilsynet hos virksomheten den 27.05.2014.

Hensikten med tilsynet

Hensikten med tilsynet var å rette spesiell oppmerksomhet mot hvordan ledelse, verneombud og tillitsvalgte samarbeider for å få til gode arbeidsbetingelser og et helsefremmende arbeidsmiljø.

Tema i tilsynet var blant annet:

- Omstilling og endring
- Bruk av ulike tilknytningsformer
- Bruk og utforming av arbeidstidsordninger
- Bruk og utvikling av nødvendig kompetanse

Det ble også etterspurt mer konkret informasjon om:

- Fordeling av roller, oppgaver, ansvar og myndighet i helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet (HMS-arbeidet)
- Kartlegging, risikovurdering, plan og tiltak
- Vurdering av konsekvenser for arbeidsmiljøet ved endring og omstilling
- Bruk av midlertidige ansatte, vikarer og innleid arbeidskraft
- Arbeidstidsordninger
- Opplæring for å løse virksomhetens oppgaver
- Håndtering av vold og trusler
- Smittevern
- Bruk av godkjent bedriftshelsetjeneste

Oppsummering av tilsynet

Kontrollen ble utført på/ved:

6963 DALE I SUNNFJORD



000000049832



Til stede fra virksomheten: Hilde Søggen (leder for helsestasjon), Hilary Hamper (helsesøster), Sidsel Høydal (HVO/HTV) og Martin Lundgård (rådgiver personal).
Til stede fra Arbeidstilsynet: Hilde Nes Bruland (inspektør).

Generelt

Tilsynet ble gjennomført som en samtale med ovenfor nevnte.

Ved helsestasjonen i Fjaler kommune er det i tillegg til leder i 100 % stilling ansatt en helsesøster i 50 %, samt en jordmor i 20 % og en lege i en liten stillingsprosent. Alle er ansatt i faste stillinger. Helsestasjonen holder til i underetasjen på Helsesenteret i Dale.

Opplæring i helse, miljø og sikkerhet (HMS)

Nåværende leder for helsestasjonen har ikke gjennomført noe formell opplæring i HMS, men opplyste å ha opparbeidet seg god kompetanse gjennom flere år som leder. Det vart opplyst at det fra september 2014 tiltrer ny leder for helsestasjonen. I tilsynet kom frem at kommunen har rutine for å sende alle ledere på opplæringskurs. Det ble gjort oppmerksom på at arbeidsgiver må sørge for at den nye lederen får opplæring i HMS slik at vedkommende har nødvendig kompetanse.

Videre kom det frem at helsestasjonen ikke har verneombud. Hovedverneombud opplyste at det arbeides med at helsestasjonen skal inngå i samme verneområde som de andre tjenestene i underetasjen på Helsetunet. Det blir videre opplyst at verneombudet for dette verneområdet er ute i langtidssjukemelding og at det derfor skal velges et varaverneombud fra høsten av. Arbeidstilsynet understrekte at reglene som gjelder for verneombudet kommer tilsvarende til anvendelse for varaverneombudet. Vi viser til *varsel om pålegg for valg av verneombud og nødvendig opplæring for verneombudet*.

Bedriftshelsetjeneste (BHT)

Fjaler kommune er tilknyttet Stamina Helse og det er utarbeidet periodevis plan for samarbeidet med BHT. Det ble opplyst at helsestasjonen skal ha arbeidsmiljøkartlegging i løpet av høsten 2014.

Kartlegging, risikovurdering, plan og tiltak

Et tema som ble tatt opp under tilsynet var behovet for økte stillinger innen helsestasjonstjenesten. Det vart opplyst at mangel på ressurser går ut over arbeidsoppgavene og at ansatte har måttet reise på hjemmebesøk til familier utenfor arbeidstiden. Mangel på ressurser er tatt opp med rådmann og i kommentar til budsjettet.

Under tilsynet kom det frem at helsestasjonen prioriterer og arbeider med HMS, men det de kan bli bedre på å dokumentere HMS-arbeidet. Som Arbeidstilsynet påpekte under tilsynet er det viktig at en jobber systematisk med HMS. Dette betyr jevnlig kartlegging, planlegging av tiltak, oppfølging av at tiltak blir gjennomført og at ønsket resultat blir oppnådd. HMS-arbeidet skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres representanter, og det skal **dokumenteres skriftlig**. For mer informasjon viser vi til forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) og Arbeidstilsynets internettsider (www.arbeidstilsynet.no).



Hovedverneombud opplyste at det er planlagt vernerunde høsten 2014 etter at ny leder og verneombud er på plass. Helsestasjonen må i denne forbindelse gjennomføre en systematisk kartlegging og risikovurdering av det totale arbeidsmiljøet i virksomheten og på bakgrunn av dette iverksette tiltak og utarbeide handlingsplan. Den planlagte arbeidsmiljøkartleggingen som skal gjennomføres i regi av BHT kan benyttes som en del i kartleggingen. Vi viser til *varsel om pålegg*.

Vold og trusler

Under tilsynet kom det frem at det er en risiko for at ansatte kan bli utsatt for vold og trusler. En hendelse som ble nevnt var verbal trussel ved en konsultasjon på helsestasjonen. Helsestasjonen har diskutert hvordan de skal forebygge, opptre og handtere vold og trusler, men kunne ikke vise til en skriftlig rutine. Vi viser til *varsel om pålegg*.

Omstilling og endring

Døme på omstilling som ble nevnt under tilsynet var overgang til nytt elektronisk kvalitetssystem som skal være klart i løpet av 2015. Det vart opplyst at risikovurdering vert gjort i forkant. Under tilsynet var det enighet om at tid til opplæring og medvirkning fra de ansatte skal prioriteres.

Biologisk smitte

Under tilsynet ble det lagt frem kartlegging og risikovurdering i forhold til biologisk smitte. Det ble opplyst at ansatte har fått tilbud om vaksine.

Varsel om pålegg

Dette er et varsel om at vi vurderer å gi pålegg til virksomheten. Hvis dere mener at beskrivelsen ikke er korrekt eller har kommentarer til de pålegg og frister som er varslet, ber vi om skriftlig tilbakemelding senest **23.06.2014**. Dere vil deretter motta et eget brev om den videre oppfølgingen.

Pålegg - Verneombud - valg

Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstakerne velger verneombud. Ved virksomheter med mindre enn 10 arbeidstakere kan partene skriftlig avtale en annen ordning.

Vilkår:

For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, må vi innen fristen ha mottatt:

- Skriftlig bekreftelse på hvem som er valgt som verneombud, eventuelt kopi av skriftlig avtale om annen ordning

Hjemmel: arbeidsmiljøloven § 6-1 første ledd og forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-2

Dersom vi gir pålegg, vil vi sette fristen til: **15.10.2014**



000000049849

**Begrunnelse:**

